

KK

KRONIKK

Håkon 7. og nøytraliteten i 1939

I juni/juli 1939 hadde den britiske militærattasjéen i Skandinavia, oberstløytnant R. Sutton Pratt, flere samtalar med leieandene norske offiserar om den strategiske situasjonen til dei skandinaviske landa i tilfelle av at det kom til krig mellom Tyskland og Vestmaktene. I desse samtala uttalte t.d. sjefen for det norske luftvåpenet at Tyskland i ein krigssituasjon hadde planar om å okkupera Danmark, og at desse planane var kjende i det danske offiserskorpsset. Dette var bakgrunnen for at Sutton Pratt i juli -39 oppsøkte norskekongen for å fritta han ut om korleis han såg på spørsmålet om norsk nøytralitet i fall det kom til krig mellom Tyskland og dei allierte. Da-toen for møtet mellom militærattasjéen og norskekongen er ikkje nemnt i dokumenta, men alt tyder på at det må ha vore i byrjinga av juli: Sutton Pratts rapport frå samtalen er datert Stockholm 20.juli, og rapporten gjekk først til den britiske legasjonen i Oslo. Derifrå vart han ekspedert den 28.juli, og den 8.august landa han på bordet til Norden-avdelinga i det britiske utanriksdepartementet (Northern Department).

For Håkon 7. kjem opplysningsane om dei tyske planane mot Danmark som ei overrassing: Han hadde rekna med at Holland og Belgia ville vera i føresonen i ein krigssituasjon — ikkje Dan-

mark. Men skulle Danmark bli okkupert av tyskarane — heldt kongen fram — måtte ein reka med at Storbritannia ville koma med krav mot Noreg, for å gjenoppretta den skipla strategiske balansen. Noreg ønskte å halde seg nøytralt i ein krig, poengerte kongen, men det ville nok ikkje bli lett: Det var norskekongen sitt syn at det ville bli nærmast umoeleg for nordmennene å halda oppen den typen nøytralitet ein hadde greidd å halda på under den 1.verdskriga.

Håkon 7. vona stormaktene ikkje ville setja foten på norsk jord i ein eventuelle framtidig storkrig. Men om så gale skulle vera at Noreg vart trekt inn i krigen, ville han føretrekkja at det var engelskmennene som gjorde det: I motsetnad til tyskarane ville engelskmennene etter krigen koma til å gi opp okkupasjonen og reisa heim att, trudde kongen.

Men her var eit stort skjær i sjeen: Norge var eit svært demokratisk land, kunne kongen fortelja, og derfor var det nødvendig å styre den offentlege meiningsa. Problemet var såleis at uansett kva for makt det var som først sette foten på norsk jord, ville denne makta bli sett på som ein aggressor.


D med er vi framme ved norskekongen sitt hovudpoeng: Dersom dei rivaliseraande stormaktene kom til å oppfatta Noreg som eit så viktig strategisk område at dei

ville setja mykje inn på gje-
ra landgang der, ja, så ville det vera best at «det var tyskarane som først gjekk til dette steget»: Deretter kunne britane koma etter «og kasta dei ut». Sutton Pratts rapport oppsummerer at norskekongen «synst ikkje å stilla seg avvisande til ein slik mogeleg aksjon frå vår side»: Kongen hadde tildega re i samtalane hevda det synet at vilkåra for den norske nøytralitetten var endra i høve til tida kring den 1. verdskriga.

Har Sutton Pratt eller andre høgtståande britiske militære eller sivile tenestemenn hatt fleire slike samtalar med Håkon 7.?

Det er ikke usannsynleg. Den som leitar, finn kanskje. Det vi kan seie sikkert, er at det fanst folk i den norske regjeringa som våren 1940 arbeidde ut ifrå den same tankegangen: Den 30.mars 1940 hadde den britiske forretningsmannen Hambro (omtalt som «Mr. Hambro» i dokumenta) ein samtale med forsyringsminister Trygve Lie i Oslo. Her gjekk Lie til felts mot utanriksminister Koht si «ultra-nøytrale» holdning: Kohts holdning — forsikra Trygve Lie — gav eit feilaktig inntrykk av den norske nøytralitetspolitikken. Mr. Hambro meinte tida var komen for den norske regjeringa til å «bevisa sine verkelege kjensler», dvs. til å velgjå side i storkriga. Ja, men — forsikra Lie — det var just det den

Faksimile fra Sutton Pratts rapport. «Det ville være en fordel om tyskerne tok det første skritt...» står det blant annet.



norske regjeringa gjorde i praksis: Lie kunne opplysa at den norske regjeringa alt fleire ganger hadde late att augene for («winked at») britiske grensekrenningar (territorialfarvatnet — og tilførmellet) — og at ho heldt fram med å gjøre det. Forsyningssministeren kunne fortelja at nordmennene nyleg hadde internert ein tysk ubåt, medan dei hadde «oversett» to britiske ubåtar innafor den norske tremils-grensa. Og ifølgje Hambros referat av samtalen la forsyringsministeren til: «På den andre siden vona han (Lie, T.Sp.) at britane ikkje ville vera dei første til å krenka norske territorialsfarvatn med makt. Han mente det var i britisk interesse å la det vera Tyskland som først krenka dei norske nøytralitetsreglane med makt». Dette var klar tale. Kan det vera at Trygve Lie hadde misforstått dette med den «streng og upartiske» norske nøytraliteten?

Den 10.mars 1940 står dei allierte klare til å gjera militær intervension i Skandinavia. Under påskott av å hjelpe finnane, vil ein sende

styrkar over Narvik og inn i Nord-Sverige — med det siktemålet å okkupera dei nordsvenske jernmalmtelta. Dei to føresetnadene for ein slik intervensjon er nå droppe: At finnane offisielt skulle be om hjelp i Vinterkrigen, og at den norske regjeringa skulle gi samtykke til gjennommarsjen eller passivt finne seg i det. Men korkje nå eller i samband med mineleggninga den 8.april er hovudsiktemålet å få hand om den svenske malmen (jamvel om det og tvilaust var ei målsettning): Dei konfidensielle tilleggsprotokollane til dei britiske krigskabinetsreferata demonstrerer ikkja ekstremt at den allierte hovudmålsettjinga var å lokka/provoser tyskarane til å slå til mot Skandinavia/Noreg. Det det gjekk om, var å binda så store tyske styrkar som råd var i Skandinavia, for på den måten å minske presset mot den franske Maginot-lina. At tyskarana ville kome med motaksjonar i Skandinavia mot den allierte intervensjonen via Narvik inn i Nord-Sverige, var ei opplesen og vedtatt sanning både i London og Paris. Så tyskarane til mot Sør-Noreg, skulle re-

serveplanen «Stratford» trå i funksjon: Dei allierte skulle okkupere Stavanger, Bergen og Trondheim. Kom deit yste mottiltaka i Sør-Sverige, skulle dei allierte «Plymouth»-styrkane møte dei der. Ved at tyskarane gjorde Skandinavia til krigsskodde-plass i kjelvatnet på den allierte «militære hjelpe til Finland», skulle det sjá ut som om det var Tyskland som opptrådde som aggressor, og som om dei allierte «berre» kom etter og hjelpte Noreg. Men vi velt at krigskabinettet og generalstabeni byrjinga av januar 1940 definerde Skandinavia som det avgjerande krigsteatret («the decisive theatre of war»). Alt den 22.desember 1939 utsatte den britiske statsministeren Chamberlain på krigskabinettet sitt møte at det gjekk om, var å få Sverige inn i krigen. For greidde ein det, ville Noreg truleg følgje etter.

Taktikken var altså at «Tyskarane slo til først». Håkon 7. ante nok ikkje i juli 1939 at han gav uttrykk for tankar som seinare skulle kome til å danna den taktiske berebjelken i den allierte Skandinavia-ekspedisjonen. Sanninga er at både den norske regjeringa og dei allierte politikarane og generalane vart tekne på senga av det tyske åtaket: Tyskarane kom rett nok først — men ikke på den måten ein på alliert side hadde førestilt seg det.

TROND SPURKELAND